

"Berre ein hund" – BEREDSKAP FOR KJÆLEDYR

I «*Berre ein hund*» av Per Sivle ligg heile den moralske spenninga i ordet «berre». Det som for somme er «berre» eit dyr, er for andre ein livsledsagar – ein del av familien.

Etter gjeldande regelverk er det ikkje tillate å ta med kjæledyr i offentlege tilfluktsrom i Noreg (og i ei rekkje andre land). Årsaka er omsyn til kapasitet, hygiene, allergiar og tryggleik. Tilfluktsrom er dimensjonerte for menneske.

Varsling ved fare

Befolkninga blir varsla av Sivilforsvaret gjennom:

- **Viktig melding – søk informasjon:** Tre seriar med eitt minutts opphald (følg media og styresmakter).
- **Flyalarm:** Korte støyt eller stigande og fallande tonar i om lag eitt minutt (søk dekning straks).
- **Faren over:** Eitt langt støyt i om lag 30 sekund.
- I tillegg kan **Nødvarsel på mobil** bli brukt ved akutt fare.

Når du skal søkje dekning

- Søk næraste trygge stad (kjellar, tunnel, parkeringshus, T-banestasjon eller liknande).
- Ikkje oppsøk eit spesifikt, fjerntliggjande offentleg tilfluktsrom.
- Private tilfluktsrom er primært for bebuarar eller tilsette.
- Følg informasjon frå styresmaktene via radio, TV eller internett.

Viktig: Sidan kjæledyr ikkje kan takast med i tilfluktsrom, bør alle dyreeigarar ha ein eigen beredskapsplan for dyret sitt. Gjer deg kjend med tilfluktsrom der du ferdast, via kommunen eller Sivilforsvaret.

SJEKKLISTE

For dei som ikkje ser på kjæledyret som «berre eit dyr», kan følgjande tiltak vere aktuelle før det blir varsla om å søkje dekning:

1) ID og dokumentasjon

- ☐ Dyret er ID-merkt (chip) og registrert med oppdatert kontaktinformasjon
- ☐ Synleg ID-brikke med namn og telefonnummer
- ☐ Kopi (papir og digital) av vaksinasjonskort, forsikring og medisinske behov/dosering
- ☐ Nyleg bilete og skriftleg skildring av særlege kjennemerke
- ☐ Eventuell sporingseining (GPS/Bluetooth) på halsband/sele

2) Beredskapsveske (klar til bruk)

- ☐ 3–7 dagars mat (lufttett pakka)
- ☐ Vatn for inntil 7 dagar (tilpassa art og vekt)
- ☐ Sammanleggbar skål
- ☐ Byt vatn i lager minst årleg

3) Sikring av bustaden dersom dyret må bli att

- ☐ Fleire vasskjelder og ekstra mat
- ☐ Teppe eller gjenstand med kjend lukt
- ☐ Avgrens til trygt rom utan opne vindauge/farlege gjenstandar
- ☐ Unngå open flamme (for ljøs/varme)
- ☐ Merk ytterdør: «Dyr i bustaden»

4) Alternativ evakuering

- ☐ Transportbur lett tilgjengeleg
- ☐ Avtal førehand med familie, vener, alternativ bustad eller dyrevenleg overnatting
- ☐ Kartlegg kennel/pensjonat for kort varsel
- ☐ Lagre telefonnummer, avklar nøkkeltilgang og del rutinar skriftleg

5) Nettverk og ansvar

- ☐ Avtal gjensidig hjelp med nabo eller ven
- ☐ Gje ein betrodd person nøkkel og instruks
- ☐ Legg inn kontaktperson for dyrepass under «ICE» på mobi

6) Helse, medisiner og spesielle behov

- ☐ 1–2 veker ekstra medisin (der mogleg)
- ☐ Skriftleg oversikt over dosering og rutinar
- ☐ Ta omsyn til temperaturkrav (t.d. insulin)
- ☐ Enkelt førstehjelpsutstyr
- ☐ Munnkorg for hund (stress kan utløyse biting)

7) Særlege omsyn for andre dyr

- ☐ Smådyr/fugl: ventilert bur og ekstra strø
- ☐ Akvarium: plan for straumbrot (batteridreven luftpumpe)
- ☐ Reptil: løysing for stabil temperatur
- ☐ Tilpassa bur og spesialfôr ved behov

8) Anna naudsynt utstyr

- ☐ Band/sele
- ☐ Avføringsposar / kattesand
- ☐ Enkle leiker

9) Førebuande trening

- ☐ Dyret er van med transportbur
- ☐ Kjem på innkalling
- ☐ Toler handtering/sele
- ☐ Eventuelt sporingsutstyr er testa

10) Årleg gjennomgang (tilrådd)

- ☐ Sjekk haldbarheit på mat og medisiner
- ☐ Oppdater kontaktinformasjon
- ☐ Test transportutstyr
- ☐ Gjennomfør enkel øving

Målet med tiltaka er å redusere risiko for dyret ved akutte hendingar og søking av dekning.